



Bømlo vidaregåande skule
Postboks 163
5445 BREMNES

Dato: 13.05.2016
Vår ref.: 2016/1922-8
Saksbehandlar: marvirk
Dykkar ref.:

Investeringsmidlar 2016 - Bømlo vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til elevmøblar, inventar resepsjon, telefonsystem og smartboard. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Bømlo vidaregåande skule får innvilga **kr 100 000,- inkl moms** til utstyr. IT-avdelinga har fått eiga bevilgning til IT/telefoni, og dei har bekrefta at Bømlo vgs står på deira prioriteringsliste ift IP-telefoni i 2016.

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet av utstyr i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017. Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Asbjørn Mæland
Cathrine Øvredal Mellingen

